



Sauafjellet FUS barnehage 2017/2018

Trafikksikker barnehage



Innholdsfortegnelse

| | |
|--|----|
| Om Sauafjellet FUS barnehage..... | 3 |
| Kriterier for trafikksikker barnehage..... | 6 |
| Tiltak..... | 7 |
| Foreldresamarbeid..... | 8 |
| Trafikkopplæring barnehage..... | 9 |
| Materiell for trafikksikker barnehage..... | 10 |
| Turar..... | 11 |
| Tur med buss..... | 12 |
| Tur med privatbilar, parkering og levering/henting.. | 13 |



Sauafjellet FUS – trafikksikker barnehage

Å vere ein trafikksikker barnehage inneber ikkje ein garanti for at ulykker ikkje skjer, men det er eit kvalitetsstempel på godt og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik.

Trafikksikringsplanen er utarbeidd frå kriterie som Trygg Trafikk meiner ein barnehage bør oppfylle for å bli godkjend som ein trafikksikker barnehage. Grunnlaget for prosjektet ligg i *Kommunedelplan trafikksikring 2015-2025*. Trafikksikringsplanen påpeiker barnehagen sitt ansvar for haldningsskapande og førebyggjande arbeid.

Trafikktryggleik i Sund Kommune

Trafikktryggleik er eit viktig satsingsområde for Sund Kommune. Sund Kommune har ein visjon om eit transportsystem som verken fører til død eller varig skade, ein såkalla nullvisjon. Sund Kommune vedtok i juni 2015 ein eigen kommunedelplan for trafikksikring som gjeld for 2015-2025. Planen inneheld fysiske og haldningsskapande tiltak.

Trafikksikker kommune er eit konsept utarbeida av Trygg Trafikk og Hordaland Fylkeskommune og skal i hovudsak bidra til å styrke den haldningsskapande delen av trafikksikringsarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med Sund Kommunes kommunedelplan for trafikksikring 2015-2022, med spesielt fokus på punkt 6.1 om å styrke det haldningsskapande og førebyggjande trafikksikringsarbeidet.

Trafikktryggleik handlar om å ferdast trygt i lokalmiljøet sitt, anten som fotgjengar, syklist eller bilist og anten ein er barn, vaksen eller gamal. Vidare er trafikktryggleik viktig i eit folkehelseperspektiv, for alle typar trafikantar og alle aldersgrupper.

Haldningsskapande arbeid er viktig for å skapa betre trafikkultur. Vi må gjera alt vi kan for å førebyggja ulukker og skader. Alle må mobilisera for å redusera risikoen for trafikkskader. Det vert viktig å samla oss om enkle tryggingstiltak i kvardagen.

Trafikkunnskap og øving i å ferdast i trafikken er vesentleg. Undervisningsopplegg i skule og barnehage er utvikla av Trygg Trafikk og må nyttast. Trygg Trafikk har kurs for lærarar og barnehagepersonell. Kunnskap kan bidra til betre haldningar.

Største utfordringa er ofte når foreldre køyrer eigne barn til skulen. Blandingstrafikken med bussar, bilar og ungar på eit lite, avgrensa område skapar ofte svært trafikkfarlege situasjonar. Det kan vera meir hensiktsmessig å la elevane følgja bussen eller at foreldra slepp ungane av tidlegare, slik at dei går siste biten. Vi må nytta fotgjengarovergangar og sykkel-/gangvegar der det finst. Refleksvest gjer oss godt synlege i trafikkbiletet.

Ei samanhengande utbygging og vedlikehald av gang- og sykkelvegar vil vera eit godt førebyggjingsstiltak mot ulukker. Med fleire stiar/gangvegar i nærmiljøa, kan vi henta ut store gevinstar med tanke på fysisk form og velvere. For alle som ikkje bur for langt unna skule, jobb og fritidsaktivitetar, vil det vera fint å gå eller sykla for å koma dit ein skal. Redusert bilbruk har effekt for både folkehelsa og miljøet.

Sauafjellet FUS barnehage

Sauafjellet FUS barnehage er Sund kommune sin einaste private barnehage. Vi er litt over 90 barn fordelt på to basar.

I forhold til trafiksikkerheit har vi ulike utfordringar. På sørsida av barnehagen er det godt tilrettelagt med fortau når vi går langs vegen. Her har vi et stort fokus på korleis ein kryssar vegen da det er fleire av overgangane som ikkje er merka for bilistar. Nedafor barnehagen på Nordvest sida er det smale vegar utan fortau. Her har vi et enda større fokus på åtferd trafikken og at ein stoppar opp når bilar skal passere. Ei anna utfordring er når foreldre bringer og hentar borna sine. Dette medfører til tider stor trafikk, og kan i verste fall føre til farlege situasjonar. Vi ønskjer at foreldre alltid rygger inn når dei parkerer slik at dei har betre oversikt over kven som ferdas på parkeringsplassen.

Kriterie for ein trafikksikker barnehage er:

- Barnehagens trafikkopplæring skal integrerast som ein del av omsorgs og opplæringsarbeid og vera med i barnehagen sin årsplan.
- Barnehagen stiller krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttjenester.
- Barnehagen sine tilsette kjenner rutinar for handtering av faresituasjonar og hendingar som kan skje på turar.
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller kollektivtransport.
- Trafikkopplæring i barnehagen
- Barna lærer trafikkregler for fotgjengarar.
- Barna lærer om bruk av sansane sine i trafikken.
- Barna lærer om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks.
- Samarbeid mellom barnehage og heim.
- Barnehagen har rutinar for å ivareta barnas tryggleik ved barnehagens parkeringsplass og port. Desse blir gjennomgått årleg med foreldre og tilsette.
- Barnehagen påverkar foreldre til å sikre barna på veg til og frå barnehagen.
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring er et årleg tema på foreldremøte.



Tiltak:

- Det er utarbeidd ein i trafikkplan for barnehagane, der kompetansemåla er synleggjorde for kvar barnehage. Den ligg også ute på barnehaganes heimeside, og blir vist på første foreldremøte kvart år.
- I denne planen ligg retningsliner for korleis barna skal oppføre seg på tur, rutinar barnehagen har for turar til fots eller med buss.
- Det ligg informasjon om kor vi ynskjer at føresette skal setje av og hente barna sine når dei bruker bil. Informasjon om «ryggeregelen».
- Kvart år blir det foretatt risikoanalyse av barnehagenes nærrområde i samanheng med leiinga og verneombodets gjennomgang av blant anna HMS-arbeidet ved barnehagane. Då blir også trafikkbildet ein automatisk del av denne kartlegginga. Eventuelle avvik blir då rapportert vidare til ansvarleg i kommunen. Trafikk og trafikktryggleik er eit tema som blir tatt opp på alle barnehagenes foreldremøte om hausten og drøfta jamleg i SU.
- Føresette blir òg oppmoda til å melde frå til politiet, Trafikkfaglig Forum eller rett kommunal instans, når ein blir merksam på trafikkfarlege forhold i barnehagekrinsen.
- Synleggjere reflekskampanje kvart år.
- Til hjelp i trafikkopplæringsarbeidet bruker Sauafjellet FUS barnehage:
 - Trafikk-filmar frå Trygg Trafikk si heimeside/Youtube
 - Barnas trafikkklubb

Trafikkansvarleg ved barnehagane Siw Haugland Johannessen (Stranda barnehage). Trafikk ansvarleg i Sauafjellet FUS barnehage: Kristine Madsen (daglig leder).

Foreldresamarbeid

Barnehagen må leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid. Parkeringsplassen, uteområdet, og skyss til og frå barnehagen er også ein del av foreldresamarbeidet

Kvar haust bør barnehagen gå igjennom dette på foreldremøte:

Ordensreglementet til barnehagen:

- rutinar for turar
- skyss
- foreldrekøyring og parkering.
- foreldre som rollemodellar

Bruk av sikringsutstyr. Ved gjentatte meldingar og manglande sikring i bil, vil det gå melding til barnevernet.

Refleksbruk. Det er viktig at barna bruker refleks i den mørke årstida. Refleksvest gjer at barna blir lettare å sjå – også i dagslys. Dermed blir det òg tryggare for dei.

Trafikkopplæring barnehage

Trafikkopplæringa i barnehagen skal lære barna;

- Trafikkreglane for fotgjengarar.
- Å bruke sansane sine i trafikken.
- Å bruke bilbelte, sykkelhjelm og refleks.

| Mål for trafikkopplæring | Aktivitetsforslag | Vurdering |
|---|--|--|
| <p>Kryssing av veg Barna skal ha kjennskap til å krysse veg med og utan gangfelt, krysse veg i lyskryss og ved snø.</p> <p>Gå langs veg Barna skal kunne gå langs veg både med og utan fortau, gå langs gang- og sykkelsti og ved snø.</p> <p>Trygt eller farleg Barna skal ha kjennskap til oppførsel på parkerings-plass, refleksbruk, kva som er ulikt med snø og is på vegen og kvifor vi har gjerde med port rundt barnehagen</p> <p>Sansar Barna skal øve på å bruke sansane i trafikken for å bli bevisst sansar i forhold til trafikkbildet.</p> <p>Trafikkregler Barna skal få kjennskap til kvifor vi har trafikkreglar, vite den viktigaste trafikkregelen; «å vere forsiktig», om å vise omsyn og samarbeide i trafikken og ha kjennskap til trafikkskilt.</p> <p>Sikringsutstyr Barna skal ha kjennskap til korleis sykkelhjelm fungerer, og kvifor vi bør bruke den, kva effekten av refleks- og bilbeltebruk er.</p> | <p>Barnas trafikkklubb; 24 oppdrag fordelt på 4 årstider. 4 ekstra oppdrag for førskulebarna</p> <p>Refleks; Markering av refleksens dag (oktober)</p> | <p>Barnas haldningar og kunnskap ute på tur.</p> <p>Refleksjon og samtale med barna i klubbmøte.</p> <p>Dei vaksne som gode rollemodellar.</p> |

Trygg Trafikk har eit særleg ansvar for at trafikkopplæringa blir gjennomført, og for å informere om trafikksikkerheit som ledd i ein samordna innsats mot trafikkulykker. Som del av denne innsatsen utviklar Trygg Trafikk skriftleg og digitalt materiell tilpassa den gjeldande rammeplanen.

- Barnas trafikklubb: barnastrafikkclubb.no/
- Trykt materiell: nettbutikk.tryggtrafikk.no
- Digitalt materiell: tryggtrafikk.no/tema/barnehage/
- Demonstrasjonshjelm: nettbutikk.tryggtrafikk.no/skole/egghjelm.html

Filmar på YouTube-kanalen til Trygg Trafikk: youtube.com/TryggTrafikkNorge

- Hvor mye tåler du? *Foreldrevideo*
- Bilbelte; *Foreldrevideo*
- Bruk bilbelte; *Foreldrevideo*
- Sikring av barn i bil før og nå; *Foreldrevideo*
- Egghjelmdemonstrasjon

Nedlastbare brosjyrar: tryggtrafikk.no/tema/sikring-av-barn-i-bil/1449-2/



Turar

- Barna bruker refleksvest på tur
- Telefon og telefonliste skal være med på tur.
- Forsvarleg bemanning
- Forsvinn barn frå tur, følg beredskapsplanen til Sauafjellet FUS barnehage, s.27 i beredskapsperm.
- Følg alltid «Prosedyrer for tur» i barnehagens beredskapsperm.

Tur med buss, trygg trafikk sine anbefalingar:

- Barn under 15 kg i turbuss:

Barn under 15 kilo bør sitje i eit vekttilpassa barnesete i bussen. Dette kan vere et forovervendt sete i vektklassen frå 9 kilo opp til 18/25/36 kilo. Føresetnaden er at bussen er utstyrt med trepunktsbelte. Det kan òg være et bakover vendt sete i vektklasse opp til 18 eller 25 kilo, som er integrert i seta på bussen.

Om ikkje barnehagane og transportselskapa greier å oppfylle desse tilrådingane, bør ikkje barnehagane reise på busstur med dei minste barna.

- Barn over 15 kg i turbuss:

Barn over 15 kilo bør sitje sikra på bilpute eller i beltestol i bussen.

- I bybuss:

Barnehagar som skal på tur med barna bør:

- ikkje bruke bybusser om ruta går på veger der fartsgrensa er over 50 km/t.
- plassere barna i kvart sitt sete, ikkje la dei stå i midtgangen på bussen..

Dette er råd som i like stor grad gjeld dei yngste skulebarna. Trygg Trafikk ser at desse tilrådingane medfører praktiske problem for barnehagar og foreldre, som ønskjer å transportere dei minste barna i buss. Vi meiner likevel at her må omsyn til tryggleik vera det viktigaste. **Bilbelte skal brukast i bussen.**

Parkering

- Både tilsette og foreldre blir oppfordra til å rygge inn.
- Ingen bilar skal stå på tomgang på parkeringsplass(ihht Trafikkloven § 16)
- Nøkkelen skal ut av kjøretøyet om det er barn i bilen.

Levering/henting

- Porten skal alltid være stengd, sjølv om det ikkje er barn ute.
- Barn skal alltid være i følgje med vaksne når dei er på parkeringsplassen.
- Vi brukar porten når vi skal inn/ ut av barnehagen. Ingen skal hoppe over gjerdet.
- Porten skal opnast av vaksne, ikkje av barna. Dette er for barnas tryggleik.